



Noregs Ungdomslag
Postboks 414 sentrum
0103 Oslo
Telefon 24 14 11 10
Organisasjonsnr. 939 550 550
www.ungdomslag.no
mailto:post@ungdomslag.no

BARNE- OG LIKESTILLINGSDEP	
Arkivkode..	435-0
Dato.	13/8-09
Saksnr.	2009/02327-015

31. juli 2009

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep.
0030 Oslo

"Forskrift om tilskudd til frivillige barne og ungdomsorganisasjonar" - kommentarar til høyring om endringar i forskrifta

Vi viser til Barne- og likestillingsdepartementet sitt høyringsbrev av 24. juni 2009. Forslaga til forskriftsendringar er handsama av styret i Noregs Ungdomslag.

Noregs Ungdomslag sitt utgangspunkt for denne høyringsuttalen er at vi støttar prinsippet om at grunnstøtteordninga for dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane prinsipielt skal famne flest mogleg av organisasjonane. Vi meiner derimot at dei endringane som departementet har foreslått vil gjere at vi får ei støtteordning som ikkje er i tråd med det barne- og ungdomsorganisasjonane sjølv ønskjer, den vil opne for større grad av diskriminering enn det som er akseptert i dag, og forskrifta vil bryte med ein del grunnleggande prinsipp for demokrati og likebehandling av organisasjonane. Dette underbygg vi med følgjande:

1. Innspelet frå eit samla representantskapsmøte i LNU er ikkje teke inn i forskrifta

På sist representantskapsmøte i LNU vart det vedteke ei fråsegn der departementet blei oppmoda om å ta inn eit nytt bonuskriterium i forskrifta, som gir utteljing for organisasjonar som gir alle medlemmer dei same moglegheiter og demokratiske rettar. Det vil med andre ord seie at barne- og ungdomsorganisasjonane ønskjer at også organisasjonar som diskriminerer/set etiske krav til sine tillitsvalte skal vere med i grunnstøtteordninga, men at desse organisasjonane ikkje bør få full økonomisk utteljing sidan dei ikkje gir like rettar til medlemmene sine.

Noregs Ungdomslag meiner det er uheldig at departementet ikkje har lagt denne fråsegna til grunn når ein no ønskjer å endre forskrifta, sidan det er organisasjonane sjølv som står bak fråsegna. Ei slik løysing ville medføre at endringane i forskrifta vart tufta på konsensus i organisasjonane.

2. Forskrifta opnar for større grad av diskriminering i organisasjonane enn i dag

Dei frivillige organisasjonane har ord på seg for å vere skular i demokrati, og har på fleire sett vore banebrytande for det som i dag blir oppfatta som grunnleggande demokratiske prinsipp i samfunnet. T.d. fekk kvinner røysterett i mange av organisasjonane lenge før det blei innført allmenn røysterett i Noreg. Noregs Ungdomslag trur at også staten gjennom sin støttepolitikk har

vore med på å skape eit større demokrati i mange av organisasjonane, ved at det har blitt sett krav til at alle medlemmer skal ha like demokratiske rettar.

Som nemnt innleiingsvis, meiner Noregs Ungdomslag at grunnstøtteordninga bør vere open for breidda i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Vi meiner derimot at det er svært uheldig at det blir gjort endringar som gjer at organisasjonar som ikkje gir kvinner fulle demokratiske rettar, og som av denne grunn ikkje har vore omfatta av grunnstøtteordninga tidlegare, no kan bli med i ordninga. Prinsippet om at menneske har dei same rettane, uavhengig av kjønn, er grunnleggjande i eit demokratisk samfunn, og Noregs Ungdomslag meiner at forskrifta får eit reaksjonært demokratisyn dersom dei foreslåtte endringane blir gjort gjeldande.

Dersom staten ønskjer at organisasjonar som diskriminerer kvinner skal få tilskot frå grunnstøtteordninga, understrekar dette behovet for å innføre eit bonuskriterium for demokrati, jf. vedtaket frå representantskapsmøtet i LNU.

3. Teologi viktigare enn ideologi – manglande likebehandling av organisasjonane

Sjølv om grunnstøtteordninga skal ha *inngangskriterier* som eit størst mogleg mangfald av barne og ungdomsorganisasjonane kan oppfylle, stiller vi oss kritisk til at organisasjonar som ikkje gir alle medlemmer dei same demokratiske rettar skal få full utteljing i støtteordninga, spesielt med tanke på at forskrifta har som føremål "legge til rette for barn og ungdoms deltakelse i barne- og ungdomsorganisasjonene"

Til samanlikning ønskjer vi å gje eit døme på det vi meiner er manglande likebehandling av organisasjonane, sidan ideologiske særtrekk kan blir vurdert i høve til bonuskriteria i støtteordninga, medan teologiske særtrekk blir omfatta av religionsfridom, som staten ikkje skal vurdere ved utmåling av støtte:

Noregs Ungdomslag har om lag 5000 medlemmer under 26 år. I utgangspunktet betyr dette at vi skal få utmålt statleg støtte på bakgrunn av 5000 medlemmer (dei 11000 medlemmene våre som er over 26 år er i denne samanheng ikkje teljande).

I grunnlagsåret 2007 hadde to av organisasjonane i støtteordninga (De Unges Orkesterforbund og Norske Baptisters Barne- og Ungdomsforbund) 1800-2000 færre teljande medlemmer enn NU og 60-90 færre teljande lokallag.

Sjølv med ein så stor ulikskap i grunnlagsdata, mottok vi tre organisasjonane om lag det same i støtte frå staten. Grunnen til at NU sine medlemmer gir mindre utteljing enn medlemmene i det to nemnde organisasjonane, er at færre enn 50% av medlemmene våre er over 26 år. Dette gjer at vi verken får bonuspoeng for andelen teljande medlemmer eller for sjølvstende. Desse to faktorane gjer at NU går glipp av ei påplussing på 80% av grunnlagspoenga.

Alle medlemmer i NU over 14 år har dei same demokratiske rettane. Særtrekket i medlemsmassen vår om at det ikkje finnast ei øvre aldersgrense handlar om kva ideologi organisasjonen er tufta på, men dette blir ikkje tillagt vekt i den statlege støttepolitikken.

Ein organisasjon som har like mange medlemmer under 26 år som oss (men der desse utgjør meir enn 50% av den samla medlemsmassen), og der kvinner og/eller homofile medlemmer ikkje har fulle demokratiske rettar vil derimot få 15000 fleire poeng enn NU. Grunnen til dette er at staten ikkje vil blande seg inn i teologiske spørsmål i organisasjonane, men NU sin

ideologiske tanke om generasjonssamvær gjer at våre medlemmer i praksis er mindre verdt frå staten si side.

Noregs Ungdomslag konstaterer at dei foreslåtte endringane i forskrifta vil stimulere til at dei religiøse organisasjonane kan ha strukturelle særtrekk, begrunna med teologi, som bryt med grunnleggande demokratiske prinsipp, men likevel få full utteljing i støtteordninga. Samtidig kan andre organisasjonar ha ideologisk begrunna særtrekk, som ikkje gir grupper av medlemmer avgrensa demokratiske rettar eller moglegheiter, men i desse tilfella blir organisasjonane økonomisk straffa. Dette til trass for at grunnstøtta har eit klart demokratiføremål.

Konklusjon


Oppsummert meiner Noregs Ungdomslag at dersom grunnstøtteordninga skal vere open for organisasjonar som ikkje gir alle medlemmer dei same demokratiske rettane, må det takast inn eit bonuskriterium for demokrati, i tråd med vedtaket frå LNU sitt representantskapsmøte. På denne måten får dei organisasjonane som oppfyller det overordna føremålet for grunnstøtteordninga betre utteljing enn dei organisasjonane som ikkje gir alle medlemmene fulle demokratiske rettar. Dette er nødvendig for at forskrifta framleis skal ha legitimitet i organisasjonane.

Med dei foreslåtte endringane blir §2 etter vårt syn i strid med §1, som angir føremålet for tilskotsordninga.

Det blir gitt større rom for diskriminering av enkeltmedlemmer i organisasjonane enn i dag, og det opnar for ei større forskjellsbehandling organisasjonane i mellom. Dette er verken staten, organisasjonane eller enkeltmedlemmer tente med.

Noregs Ungdomslag har ikkje kommentarar til dei andre endringane i forskrifta.

Beste helsing
Noregs Ungdomslag


Gunhild Børge Stang
leiar